



Bergen, 19.januar 2024

## REFERAT FRÅ STYREMØTE nr.1/24 i 4H Hordaland

<b>Dato:</b>	<b>19.januar 2024</b>
<b>Klokka:</b>	<b>18.00-21.00</b>
<b>Stad:</b>	<b>Bergen</b>

### **Desse møtte til styremøte:**

*Fylkesstyret med vara: Sofie Ljones, Synne Røthe Sandal, Janniche Næss Bergås, Steffen Stråtveit, Vilde Sylta Kvamme (digitalt), Marius Skar Kolås og Hjalmar Ølvestveit*

*Tilsette: Turid Sandstad Herland*

*Frå alumnklubben: Nicolaj Disselhorst*

### **Referat er sendt til desse for orientering:**

*Kontrollnemnda: Elin Klette, Ida Marlen Havn og Martha Gjerald*

<b>SAK 01/24</b>	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
SAK 01/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 02/24	Godkjenning av referat frå sist styremøte
SAK 03/24	Orienteringssaker
SAK 04/24	Økonomioppdatering
SAK 05/24	Budsjett 2024-2025-2026
SAK 06/24	Godkjenning av årsmelding 2023
SAK 07/24	Køyreplan årsmøte 2024
SAK 08/24	Nytt banner til leir

SAK 09/24	Sal av profileringsklede
SAK 10/24	Ymse
SAK 11/24	Saker til neste styremøte

**Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjent.**

#### **SAK 02/24 Godkjenning av referat frå sist styremøte**

**Vedlegg: Referat fylkesstyremøte 7\_23**

**Vedtak: Referat frå fylkesstyremøte 7/23 blir godkjend.**

#### **SAK 03/24 Orienteringssaker**

<b>Tiltak</b>	<b>Orientering</b>	<b>Ansvarleg</b>
Infomøte for nye føresette i 4H	15.januar arrangerer 4H Norge eit infomøte for nye føresette i 4H.	4H Norge
4H-løpet	1.februar blir plakettløpet endra til det poengbaserte 4H-løpet.  1.februar skal 4H Norge v/Martin Holmen arrangere eit digitalt kick-off i anledning lanseringa.  24. januar arrangerer 4H Norge eit digitalt opplæringsmøte for klubbrådgjeverar.	4H Norge

	<b>4H-løpet bør bli informert om under styrevervskurset og inspirasjonssamlinga.</b>	
Instruktørsamling	<p>20.januar blir det samling for instruktørar på styrevervsopplæringa frå 11-15 i Bergen. Silje Lilleås og Elisabeth Haagensen er kursadministratorar og tek ansvar for samlinga.</p> <p><b>Styret sender info om tema til ÅLVÅGS til kursadministratorar. Me ynskjer å ha leirtema, medlemmane skal planleggja leir.</b></p>	Elisabeth og Silje
Juniorprell på Mjølfjell	<p>26.-28.januar arrangerer 4H Hordaland juniorprell på Mjølfjell. Det er per dags dato 3 påmeldte.</p> <p><b>Juniorprell vert avlyst pga. for få påmeldte.</b></p>	Heile styret
Styrevervsopplæring, inspirasjonssamling, årsmøte	<p>09.-11.februar er det styrevervsopplæring, inspirasjonssamling og årsmøte i Øystese. Elisabeth Haagensen og Silje Lilleås er kursadministratorar. Sofie og Turid tek ansvar for inspirasjonssamlinga.</p> <p><b>Ivrig 4H er arrangør.</b></p>	Heile styret

	<p><b>Det er 100 deltakarar og 15 instruktørar påmeldt.</b></p> <p><b>Nicolaj hjelper til som kursadministrator under helga.</b></p>	
H.A.N.S.A. oppdatering	<p>Nicolaj orienterar om kva som skjer i H.A.N.S.A.</p> <p><b>Dei skal ha styremøte neste helg. HANSA planleggjer å få til ei skihelg i Myrkdalen.</b></p> <p><b>Storkursarrangør Lid 4H har spurt om H.A.N.S.A kjem på storkurset i mars.</b></p>	Nicolaj
Molvik 4H-gard	<p>Steffen orienterar om kva som skjer på 4H-garden i Molvik.</p> <p><b>Molvik 4H-gard driv med søknadsskriving til nye prosjekter og med produktutvikling. Dei heldt vinterstengt fram til mars.</b></p>	Steffen
Klubbstatus	<p>Turid gjer ein statusrapport for klubbane.</p> <p><b>Dalamot 4H og Rommetveit 4H blei lagt ned i november 2023, og Odda 4H og Ostereidet 4H blei starta opp i 2023.</b></p> <p><b>Det er 15 medlemmer i Odda 4H og 8 medlemmer i Ostereidet 4H.</b></p>	Turid

Landsleir 2024	<p>Janniche og Synne orienterer om arbeidet med landsleir 2024.</p> <p><b>Påmelding opnar 1.mars, dei som har kjøpt earlybird billett får velja aktivitet frå 16.februar. Påmelding stengjer 15.mai.</b></p> <p><b>4H tog blir jobba med, og fylkene har fått info om det.</b></p> <p><b>Hovudkomiteen skal ha møte på teams 23.januar.</b></p>	Janniche og Synne
Ansvarsfordeling og hugseliste fylkesårsmøtet	<p>På førre møte vedtok me kven som har ansvar for kva i forbindelse med fylkesårsmøtet. Alle må hugse å gjere sine arbeidsoppgåver.</p>	Heile styret
Tilsetjing av Leif-Helge Molvik	Vedlegg: Orienteringssak styremøte 1_24 Hordaland	Synnøve

#### **SAK 04/24 Økonomioppdatering**

**Vedlegg:** *Noter 2023 4H Hordaland.*

Janniche orienterar om økonomioppdateringa.

**Sjå vedlagte noter.**

**Vedtak:** *Fylkesstyret tek økonomioppdateringa til orientering.*

#### **SAK 05/24 Budsjett 2024-2025-2026**

Fylkesstyret må på nytt gå gjennom budsjetta for 2024, 2025 og 2026, slik at dei er klare til å leggjast fram for godkjenning på fylkesårsmøtet. Forslaga til budsjett ligg på Teams, og vil bli presentert på fylkesstyremøtet.

**Forslaget til budsjett 2024 har eit underskot på 97.140,-**

- Fylkesleir blir ikkje gjennomført i 2024. Eit så stort arrangement genererer og inntekt (overskot) som skal betala for personalkostnader.
- Det er lagt inn 200.000,- i prosjektstønad (som me ikkje har søkt om endå). Leif-Helge er engasjert til å arbeida med søknadar allereie frå årets start.

**Forslag til førebels budsjett for 2025 og 2026:**

- I 2025 og 2026 har me lagt inn litt over 500.000,- i eksterne prosjektmidlar. Det er pengar me i dag ikkje veit om me får. I løpet av 2024 skal me søka om pengar som skal bli brukt i 2025, og i løpet av 2025 om pengar til 2026.
- I 2025 får me momskompensasjon på bakgrunn av kostnadane me har i 2024, derfor blir det overskot i 2025.

**Vedtak: Fylkesstyret vedtar forslag til budsjett 2024, 2025 og 2026.**

#### **SAK 06/24 Godkjenning av årsmelding 2023**

Fylkesstyret må godkjenne årsmeldinga for 2023 slik at den er klar til å leggjast fram for godkjenning på fylkesårsmøtet. Årsmeldinga vil ligge tilgjengeleg på Teams etter 8.januar.

**Vedtak: Fylkesstyret vedtar årsmelding 2023, med små justeringar på rettskriving og utforming.**

#### **SAK 07/24 Køyreplan årsmøte 2024**

**Vedtak: Fylkesstyret vedtar køyreplanen til årsmøte 2024.**

#### **SAK 08/24 Nytt banner til leir**

4H Hordaland har behov for eit nytt banner til bruk på 4H-leirar. Fylkesstyret må diskutere korleis me vil designe dette, samt få kostnadane budsjettert.

**Vedtak: Synleggjeringsgruppa ved Janniche Næss Bergås og Synne Røthe Sandal utarbeidar eit forslag til utforming på 4H Hordaland sitt nye banner, innan neste fylkesstyremøte.**

#### **SAK 09/24 Sal av profileringsklede**

4H Hordaland har ein del hettejakker på lager. Det er gunstig å få seld desse før me kjøper inn nye profileringsklede til landsleiren, samt heilt nye design etter sommaren.

**Vedtak: Hettejakkene vert sett ned i pris til 100kr, og vert forsøkt seld på dei komande fylkesarrangementa.**

#### **SAK 10/24 Ymse**

- **SAK 10/24.1: Leirbukser**  
Turid bestiller inn fleire leirbukser då me har få igjen og me treng fleir til landsleiren.
- **SAK 10/24.2: Distriktsleirarrangør**  
Luren 4H har sakt nei til å arrangera distriktsleir i Hardanger i år. Me leggjer ut på facebook om nokon andre har moglegheit å arrangera.
- **SAK 10/24.3: Avslutning for styret**  
Styret ynskjer å gjera noko sosialt ilag som avslutning for styreåret. Dato vert bestemt i messengergruppa.
- **SAK 10/24.4: Dato for neste styremøte**  
Dato for neste styremøte blir 1.-2.mars 2024.

## **SAK 11/24 Saker til neste styremøte**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av referat frå sist styremøte
- Økonomioppdatering
- Saker til neste styremøte